

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dato: 28.08.2023

Vår ref.: 23/04511
Deres ref.:

Saksbehandler: Liv Silje Borg

Høringsfråsegn frå OsloMet - storbyuniversitetet - Høring Forskrift om opptak til høgare utdanning for opptaksåret 2024-2025

OsloMet-storbyuniversitetet (OsloMet) viser til brev frå Kunnskapsdepartementet (KD) 30. juni 2023, med forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning. Kommenterar til dei enkelte forslaga følger nedanfor.

Til § 2-2. Utanlandsk utdanning

OsloMet støttar forslaget om å ta inn krav om engelsk i føresegna som allereie omtalar krav om norsk. OsloMet stillar seg bak forslaget om å ta inn GSU-lista som vedlegg I til forskrifta, og at språkrava også blir inkludert i GSU-lista. OsloMet støttar også presiseringa i omtala av årskurs i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar.

Til § 4-4. Spesielle opptakskrav til arkitekturfag og teknologiske fag

OsloMet har ingen innvendingar mot forslaget.

Til § 4-9. Spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag

OsloMet har ingen innvendingar mot forslaget.

Til § 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag

OsloMet søkte om endring av ordlyden i føresegna 4-10 (3). OsloMet støttar forslag til ordlyd og meiner denne sikrar at opptakskrava er i tråd med krava for å oppnå autorisasjon som trafikklærer.

OsloMet har ingen innvendingar mot forslaget om endring i § 4-10 (11).

Postadresse
PB 4. St. Olavs plass, 0130 OSLO

Telefon
67 23 50 00

Til § 7-1 Generelt om rangering og kvoter

OsloMet støtter forslaget om å heidle tidleg opptak i forskrifta.

Til § 7-3. Spesielle kvoter

OsloMet har ingen innvendingar mot forslaget.

Til § 7-6. Omrekning frå utanlandske til norske karakterar

OsloMet støtter ny føresegn om omrekning av karakterar/resultat frå utanlandsk vidaregåande utdanning, og at omrekningstabellane tas inn som vedlegg II til forskrifta.

Med hilsen

Christen Krogh
rektor

Silje Fekjær
prorektor for utdanning

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi til

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse